



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato
21.07.2016
Dykkar dato
30.09.2015

Vår referanse
2013/16329 471
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Vedtak om godkjenning av felles avfallsplan for småbåthamner i Radøy kommune

Fylkesmannen har vurdert og godkjent felles avfallsplan for Bøvågen småbåthamn, Bøvågen kai, Kuvågen hytteforening marina, Breisvika småbåthamn, Kvalheim Fritid AS, Kvalheim nedre båthamn, Kviste/Bognøy småbåtlag, Mangersholmane, Nesvågen småbåthamn, Marøy båtforening, Knappen båtlag, Nordbø Marina, Boga småbåthavn SA, Nøtlevågen småbåthamn, Skutehamna Hella, Sletta kai, Straume kai, Syltavågen, Søre Valdersvåg småbåthavn, Hølen småbåthavn, Toska hyttefelt, Vetås båtlag og Vågenes Nedre i Radøy kommune, i samsvar til forureiningsforskrifta § 20-6 jf. vedlegg I, med atterhald om at kommentarane i sjekklista vert tatt til følgje.

Godkjenninga gjeld i tre år frå den datoen vedtaket er gjort. Ny plan må sendast inn seinast tre månader før godkjenninga går ut, eller dersom det er vesentlege endringar i drifta av hamna.

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at dette brevet er motteke.

Vi viser til avfallsplan sendt inn 30. september 2015.

Bakgrunn

EU-kommisjonen vedtok 27. november 2000 direktiv 2000/59/EF om mottaksanlegg i hamner for avfall og lasterester frå skip (skipsavfallsdirektivet). Direktivet er implementert i norsk regelverk gjennom kapittel 20 i forureiningsforskrifta.

Alle hamner skal ha avfallsplan som vert godkjent kvart 3. år

Alle som driv eller eig ei hamn (hamneansvarlege) skal i samråd med partar som saka vedkjem utarbeide ein plan for mottak og handtering av avfall og lasterester frå skip (avfallsplan), jf. forureiningsforskrifta § 20-6. Planen skal utarbeidast i samsvar med krava i vedlegg I til kapittel 20. Avfallsplanen skal sendast til Fylkesmannen for godkjenning, og deretter minst kvart tredje år eller ved vesentlege endringar. Godkjenninga gjeld i tre år frå godkjenningsdatoen. For å sikre at Fylkesmannen har tid til å godkjenne ny plan før den gamle går ut, må ny plan sendast inn seinast tre månader før den gamle går ut.

Gode mottaksordningar og gebyrordninga skal gje mindre dumping av avfall på sjøen

Avfallsplanane skal sikre at det er tilpassa mottaksordningar på land for avfall frå skip. Planane, og revisjonane av desse, skal bidra til at behov for endringar i mottaksordningane vert vurdert jamleg. Saman med eit gebyrsystem der avgifta er uavhengig av avfallsleveransen, skal det bli mindre attraktivt å dumpe avfallet og sikre at avfall frå skip vert levert til mottaksordningar på land. For fiskebåtar og fritidsbåtar godkjent for høgst 12 personar skal ein ikkje krevja gebyr ved anløp med mindre dei òg pliktar å betale hamneavgift eller anna gebyr for leige av kaiplass.

Innhald i avfallsplanen

Krav til kva ein avfallsplan skal innehalde går fram av vedlegg I til forureiningsforskrifta kapittel 20, og er nærare utdjupa i sjekklista frå Miljødirektoratet, vedlegg 5 i «Veileder til utarbeidelse og godkjenning av avfallsplaner i havner». Enkelte punkt skal vere omtalt i alle avfallsplanar. Andre punkt kan vere tenlege å omtale i planen, avhengig av storleik og type aktivitet i hamna. Desse punkta er ikkje eit absolutt krav.

Fylkesmannens vurdering av innsendt avfallsplan

Motteken avfallsplan utarbeida september 2015 har nokre manglar, men vi godkjenner planen under føresetnad av at planen vert revidert og dei merka punkta i sjekklista vert inkludert. Vedlagt følgjer utfylt sjekkliste som viser Fylkesmannen sin vurdering av dei enkelte punkta.

Vedtak

Fylkesmannen har gjennomgått den innsendte avfallsplanen og godkjenner planen i samsvar med krava i forureiningsforskrifta kapittel 20 vedlegg I under føresetnad av at kommentaren i sjekklista vert tatt til følgje. Vedtaket om godkjenning er heimla i forureiningsforskrifta § 20-6 tredje ledd.

Klage

Vedtaket om godkjenning kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 28. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Fylkesmannen.

Vi ber kommunen orientere hamnene som er med i planen om vedtaket og klageretten.

Mottak og deklarerering av farleg avfall

Hamneansvarleg skal drive mottaksordning for farleg avfall frå skip dersom det er behov. Mottaket skal drivast i samsvar med standardiserte krav til mottak av farleg avfall frå skip i vedlegg III til forureiningsforskrifta kapittel 20. Mellom anna skal hamneansvarleg sjå til at den som har produsert det farlege avfallet har deklarerert det. Sjå vedlagt infoark frå NORSAS om levering og deklarerering av farleg avfall frå skip.

Våren 2015 opna avfallsdeklarerering.no, det nye elektroniske systemet for deklarerering av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjons-systemet for farleg avfall. Dersom ei hamn skal drive mottaksordning for farleg avfall frå skip, må Fylkesmannen ha melding om dette, slik at vi kan sørge for naudsynt tilgang i avfallsdeklarerering.no.

Sjå vedlagt faktaark for meir informasjon om nettsida.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1. Sjekkliste for avfallsplanar i hamner - Radøy kommune
2. Infoark - Levering og deklarerer av farlig avfall fra skip
3. Faktaark - Avfallsdeklarerer.no